



Innkalling av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 04.02.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 15.30

Eventuelle forfall må meldast til: <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Orienteringar:

- Private barnehagar v/Kai-Olav Kvamme-styrar i Trollskogen barnehage
- Bibliotak i Alver v/Eirik B. Utne-kultursjef og Marit Gro Berge-avd.leiar Kultur
- Arbeidet med kommuneplanen for Alver v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møteprotokoll - 03.12.2019
003/20	Reglement for Alver kulturskule
004/20	Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 - Høyring
005/20	Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering
006/20	Vedtakter for kommunale barnehagar i Alver kommune
007/20	Vedtakter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

28. januar 2020

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: FE-000
JournalpostID: 19/2422
Saksbehandla Tove Mette
r: Fyllingen
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
001/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: FE-000
JournalpostID: 19/2414
Saksbehandlar: Nora M. K. Gjerde
Dato: 04.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
002/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saken:

04.12.2019 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1329796
03.12.2019

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 03.12.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 13:00

-Det var opplæring Del 2. for utvalet etter ordinær sakshandsaming.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Sølvi Vatnøy	KRF	
Vidar Langøy-Jørgenvik	SP	Jon Askeland
Yngve Walaker	FNB	
Anna Ulrika Nordlund	SV	Andre Fresvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik Bouwer Utne-kultursjef, Mariann Guddal Hansen-avdelingsleiar Kulturutvikling, idrett og frivillighet, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
004/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/19	Godkjenning av møteprotokoll

- 006/19 Anleggsstrategi for Alver 2020-2024
- 007/19 Prioritering av søknader om spelemidler 2020
- 008/19 Dagsturhytter
- 009/19 Kommunale tilskotsordninger til kultur, idrett og friluftsliv

004/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Merknad: Feilnummering av sakene i innkallinga vert retta opp i møteprotokollen. Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 004/19 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

005/19: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte 19.11.2019 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 005/19 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 19.11.2019 er godkjent.

006/19: Anleggsstrategi for Alver 2020-2024**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka

Eldreråd 02.12.2019:**Behandling:**

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen orienterte i saka og svara på spørsmål. Avdelingsleiaren sa at den anleggsstrategi for Alver er ei vidareføring av dei tre idrettsplanane i dei tre kommunane. Det vert starta arbeid med ny idrettsplan i Alver kommune hausten 2020.

Leiar Olav Steinsland sette fram følgjande tilleggsframlegg i møtet, knytt til Samordning og hovdmål - Fysisk aktivitet og for alle som naturleg del av kvardagen:

Avsnitt 2 - underpunkt:

- Styrka tilbodet til eldre og utføre for eigenorganisert aktivitet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg frå Olav Steinsland sett fram i møtet.

ER- 007/19 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka, med følgjande tillegg under "Samordning og hovudmål - Fysisk aktivitet for alle som naturleg del av kvardagen".

Avsnitt 2 - underpunkt:

- Styrka tilbodet til eldre og utføre for eigenorganisert aktivitet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/19 Vedtak:

Innstilling frå Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 03.12.2019:

Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka

007/19: Prioritering av søknader om spelemidler 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunden 2020 slik:

Ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjjar
1	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg, Stokkedalen skyteanlegg	Radøy pistolklubb
2	Rehabilitering Radøyhallen	Radøy kommune / Alver kommune
3	Toalettbygg ved Nesvatnet	Radøy kommune / Alver kommune
4	Rehabilitering Nordhordlandshallen	Lindås kommune/Alver kommune
5	Klatrehall, Knarvik arena	Lindås kommune/Alver kommune
6	Rehabilitering friidrettsanlegg, Nordhordlandshallen	Lindås kommune/Alver kommune
7	Fleirbrukshall, Knarvik arena	Lindås kommune/Alver kommune
8	Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Meland golf & naturpark
9	Garderobebygg, Austmarka	Radøy IL
10	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag
11	Fotballhall, Fossemyra	IL Kvernbit
12	Lager i tilknytning til fotballhall, Fossemyra	IL Kvernbit
13	Lysanlegg til fotballbane, Fossemyra	IL Kvernbit
14	15 meter miniatyrbane, Seim	Seim skyttarlag
15	Rehabilitering av grasbane, Hordabø idrettspark	Hordabø IL
16	Lager for drift og materiell, Hordabø idrettspark	Hordabø IL

17	Kunstgrasbane, Fossemyra	IL Kvernbit
18	Basishall turn, Alversund	Lindås kommune/Alver kommune
19	Turpadleanlegg, Vikebø	Meland kommune/ Alver kommune
20	Klubbhus, Stokkedalen skyteanlegg	Radøy skytterlag
21	Fleirbrukshall, Alversund	Lindås kommune/ Alver kommune
22	Oppgradering symjehall, Radøyhallen	Radøy kommune/ Alver kommune
23	Buldrerom, Knarvik arena	Lindås kommune/ Alver kommune
24	Aktivitetssal, Sagstad skule	Meland kommune/ Alver kommune

Nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjar
1	Streetbasket, Knarvik barneskule	Lindås kommune/ Alver kommune
2	Skatebane, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
3	Lysanlegg skate- og sykleområde, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
4	Lysanlegg, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
5	Klatrestativ/parkouranlegg m/lys, Frekhaug torg	Meland kommune/Alver kommune
6	Parkour/klatre/trimanlegg m/lys, Meieriparken på Frekhaug	Meland kommune/Alver kommune
7	Parkour/klatre-/trimanlegg m/lys, Sagstad skule	Meland kommune/Alver kommune
8	Ballbane/fleirbruksanlegg , Sagstad skule	Meland kommune/Alver kommune
9	Minibane, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
10	Basketbane ute, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
11	Sysselbane, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
12	Bordtennis ute, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
13	Tursti, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
14	Ballbinge Sæbø skule	Radøy kommune/Alver kommune
15	Parkour/trimanlegg/aktivitetsområde, Austebygd skule	Radøy kommune/Alver kommune
16	Turveg, Varnappen (badevika Frekhaug)	Bergen og omland friluftsråd
17	Hinderløype, Leiknes skule	Lindås kommune/Alver kommune
18	Sysselbane, Leiknes skule	Lindås kommune/Alver kommune
19	Klatrepjramide, Eikanger skule	Lindås kommune/Alver kommune
20	Treningsapparat, Eikanger skule	Lindås kommune/Alver kommune

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 007/19 Vedtak:**Innstilling frå Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 03.12.2019:**

Alver kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunden 2020 slik:

Ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjar
1	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg, Stokkedalen skyteanlegg	Radøy pistolklubb
2	Rehabilitering Radøyhallen	Radøy kommune / Alver kommune
3	Toalettbygg ved Nesvatnet	Radøy kommune / Alver kommune
4	Rehabilitering Nordhordlandshallen	Lindås kommune/Alver kommune
5	Klatrehall, Knarvik arena	Lindås kommune/Alver kommune
6	Rehabilitering friidrettsanlegg, Nordhordlandshallen	Lindås kommune/Alver kommune
7	Fleirbrukshall, Knarvik arena	Lindås kommune/Alver kommune
8	Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Meland golf & naturpark
9	Garderobebygg, Austmarka	Radøy IL
10	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag
11	Fotballhall, Fossemyra	IL Kvernbit
12	Lager i tilknytning til fotballhall, Fossemyra	IL Kvernbit
13	Lysanlegg til fotballbane, Fossemyra	IL Kvernbit
14	15 meter miniatyrbane, Seim	Seim skyttarlag
15	Rehabilitering av grasbane, Hordabø idrettspark	Hordabø IL
16	Lager for drift og materiell, Hordabø idrettspark	Hordabø IL
17	Kunstgrasbane, Fossemyra	IL Kvernbit
18	Basishall turn, Alversund	Lindås kommune/Alver kommune
19	Turpadleanlegg, Vikebø	Meland kommune/ Alver kommune
20	Klubbhus, Stokkedalen skyteanlegg	Radøy skyttarlag
21	Fleirbrukshall, Alversund	Lindås kommune/ Alver kommune
22	Oppgradering symjehall, Radøyhallen	Radøy kommune/ Alver kommune
23	Buldrerom, Knarvik arena	Lindås kommune/ Alver kommune
24	Aktivitetssal, Sagstad skule	Meland kommune/ Alver kommune

Nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjar
1	Streetbasket, Knarvik barneskule	Lindås kommune/ Alver kommune

2	Skatebane, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
3	Lysanlegg skate- og sykleområde, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
4	Lysanlegg, Knarvik barneskule	Lindås kommune/Alver kommune
5	Klatrestativ/parkouranlegg m/lys, Frekhaug torg	Meland kommune/Alver kommune
6	Parkour/klatre/trimanlegg m/lys, Meieriparken på Frekhaug	Meland kommune/Alver kommune
7	Parkour/klatre-/trimanlegg m/lys, Sagstad skule	Meland kommune/Alver kommune
8	Ballbane/fleirbruksanlegg , Sagstad skule	Meland kommune/Alver kommune
9	Minibane, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
10	Basketbane ute, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
11	Sykelbane, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
12	Bordtennis ute, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
13	Tursti, Alversund skule	Lindås kommune/Alver kommune
14	Ballbinge Sæbø skule	Radøy kommune/Alver kommune
15	Parkour/trimanlegg/aktivitetsområde, Austebygd skule	Radøy kommune/Alver kommune
16	Turveg, Varnappen (badevika Frekhaug)	Bergen og omland friluftsråd
17	Hinderløype, Leiknes skule	Lindås kommune/Alver kommune
18	Sykelbane, Leiknes skule	Lindås kommune/Alver kommune
19	Klatrepire, Eikanger skule	Lindås kommune/Alver kommune
20	Treningsapparat, Eikanger skule	Lindås kommune/Alver kommune

008/19: Dagsturhytter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vil søkja Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på totalt kr 900 000 til etablering av tre dagsturhytter i Alver – éi i kvar av dei tre noverande kommunane.

Eldreråd 02.12.2019:**Behandling:**

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen orienterte og svarta på spørsmål.
Ho viste kortfilm om dagsturhytter i Sogn og Fjordane, der det no er slike hytter i kvar kommune.
Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 009/19 Vedtak:

Alver kommune vil søkja Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på totalt kr 900 000 til etablering av tre dagsturhytter i Alver – éi i kvar av dei tre noverande kommunane.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:**Behandling:**

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef

Felesframlegg v/Christel V. Håland-H:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur meiner at ein bør stille krav til at minst ei av dei tre hyttene vert bygd med universell tilkomst. Ein bør kunna nytta kollektiv transport som tilkomst.

OKK- 008/19 Vedtak:

Alver kommune vil søkja Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på totalt kr 900 000 til etablering av tre dagsturhytter i Alver – éi i kvar av dei tre noverande kommunane.

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur meiner at ein bør stille krav til at minst ei av dei tre hyttene vert bygd med universell tilkomst. Ein bør kunna nytta kollektiv transport som tilkomst.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Eldreråd 02.12.2019:**Behandling:**

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen orienterte i saka og svara på spørsmål.
Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 008/19 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 03.12.2019:**Behandling:**

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 009/19 Vedtak:**Innstilling frå Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur - 03.12.2019:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv slik dei ligg ved saka.

Arkiv: FA-A30
JournalpostID: 20/4348
Saksbehandlar: Eirik Bouwer Utne
Dato: 24.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
003/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020
	Alver kommunestyre	
	Ungdomsråd	
005/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020

Reglement for Alver kulturskule

Vedlegg i saken:

27.01.2020 Reglement for Alver kulturskule

1344461

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Reglement for Alver kulturskule slik det ligg ved saka

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Som del av førebuingane til Alver, samordna dei tre tidlegare kulturskulane drifta og opptaket til kulturskuleåret 2019/20. Dette har danna grunnlaget for ein føreseieleg overgang, mellom anna med eit likt tilbod for den einskilde elev på begge sider av årsskiftet.

Nye Alver kulturskule med eige reglement skal i gong frå kulturskuleåret 2020/21. Nytt reglement må vere klart i god tid før opptaket våren 2020. Reglementet vil danne grunnlag og kriterium for opptaket, og legge føre elevane sine rettar og pliktar i Alver kulturskule.

Vurdering

Reglementet som ligg føre er utarbeidd som del av ei kartlegging av tidlegare reglement, driftstilhøve og eksisterande elevmasse, og har vore på høyring blant dei tilsette pedagogane i kulturskulen. Reglementet kan i stor grad skildrast som summen av beste praksis frå dei tidlegare kulturskulane, i tilpassing til Alver kommune sin storleik.

Reglementet er ikkje retningsgivande for kulturskulens overordna utvikling i

Alver. Dette vil verte ivaretatt i kommande ramme- og fagplanarbeid.

Dei tidlegare kulturskulane hadde relativt samanfallande **tilbod** med somme variasjonar. Ved reglementet som ligg føre legg ein opp til ei vidareføring av summen av desse tilboda, som samstundes mogleggjer utvikling og tilpassing til framtidens behov.

Når det gjeld **moderasjonsordningar** hadde alle tre kulturskulane 25% søskenmoderasjon, som her vert vidareført. Radøy sin moderasjon for elevar som går på fleire fag og Meland sin høgare moderasjon for barn 3 og vidare, vert her òg tatt med i Alver. Desse to moderasjonane gjeld eit mindretal elevplassar, men treff dei som har høgast utgifter ved kulturskolen. Eit kutt av desse moderasjonane vil vere av betydeleg innverknad for einkilde av elevane i kulturskolen.

Vidare utvidar ein ordninga frå Meland, med **reduert eigenbetaling** for hushald med låg inntekt. Ordninga følgjer inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehage, og gir 50% moderasjon for inntil 30 elevplassar etter søknad.

Moderasjonsordningane er med å **motverke sosial ulikskap** blant barn og unge i Alver.

Tidlegare ordningar med **ekstratid** vert vidareført, og ein legg til rette for utviklinga av framtidige **tilpassa fordjupingstilbod**.

Tilboda til **korps** vert vidareført i ny samanheng. Det vert elles lagt opp til ein eigen dialogprosess med korpsa i kommunen, for å danne felles grunnlag for temaet framover.

Når det gjeld **utmelding** er det her lagt opp til å binde elevplassen for eitt år, der nokre av dei tidlegare kulturskulane gav høve for utmelding på hausten.

Omsyna knytt til at eleven kunne melde seg ut i løpet av hausten, dreidde seg om at eleven kunne prøve ut tilbodet utan å måtte binde seg for eit heilt år. Ei slik ordning kan vere ein faktor i at somme elevar startar i kulturskolen.

Det er vidare andre pedagogiske omsyn knytt til å binde elevplassen for eitt år. Utmelding innan 1. november gir berre eleven ni veker på å konkludere på at tilbodet ikkje passa. Ved å binde elevplassen for eitt år vil det heilårlege løpet tre tydelegare fram i det pedagogiske opplegget.

Temaet har òg driftsomsyn. Ein tildelt elevplass er knytt til eit tidspunkt og ein fysisk undervisningsplass. Driftserfaring har vist at det kan vere krevjande å fylle ledig elevplass frå venteliste i løpet av året. Mange barn sin aktivitet er fastsett, og den ledige elevplassen er naudsynlegvis ikkje i nærmiljøet til eleven som står på venteliste.

Reglementet har med seg høve for å slutte i kulturskolen utan full betaling ved

tilhøve som sjukdom, flytting eller av andre særlege grunnar.

Aldersgrensa er noko som har skild dei tre kommunane. Radøy hadde eit verkeområde til og med 19 år, mens Meland hadde aldersgrenser knytt til spesifikke tilbod, med dans frå tre år. Lindås hadde nedre grense på seks år. I prosessen knytt til utarbeiding av nytt reglement er det vurdert til at eit generelt verkeområde frå 0-20 år vil gjere Alver kulturskule i stand til å levere breie, fleksible og framtidsretta tilbod, òg til dei minste. Alver kulturskule har med seg elevmasse under 6 år frå Radøy og Meland, og ei aldersgrense ved skulealder vil føre med seg at desse vil miste tilboda sine.

Den øvre grensa på 20 år er sett for å ta høgde for elevar som går etter TAF-modellen.

Konklusjon

Reglement for Alver kulturskule ligg føre, og er utarbeidd for å gi føreseieleg forvaltning av kulturskulens tilbod, og tydeleggjere rettar og pliktar for eleven og dei føresette. Reglementet er utforma for å vere oversiktleg og med klart språk.

Reglementet er ikkje overordna retningsgivande for kulturskulens utvikling framover, men gir innverknad på kulturskulens generelle verkeområde når det gjeld aldersgrense og tilbod. Tilboda i Alver kulturskule er som summen av dei tidlegare tre, og ei generell aldersgrense frå 0-20 tek høgde for elevmassen og tilsette knytt tilbod for dei minste, samt elevar etter TAF-modellen



REGLEMENT FOR ALVER KULTURSKULE

1 INNHOLD

1.1	Om tilbudet	2
1.2	Elevinntak	2
1.2.1	Søknadsprosess	2
1.2.2	Fornyng, re-registrering og utmelding	2
1.2.3	Andre føresegn for inntak	2
1.2.4	Bytte av fag.....	2
1.2.5	Venteliste	2
1.2.6	Undervisningstid	3
1.2.7	Instrument og materiell.....	3
1.3	Eigenbetaling, moderasjonar og generelle føresegn.....	3
1.3.1	Eigendel og moderasjonar	3
1.3.2	Bindingstid	4
1.3.3	Permisjon.....	4
1.3.4	Frammøte og fråvær.....	4
1.3.5	Tap av elevplass.....	4
1.3.6	Pedagogisk plattform.....	4
1.3.7	Deltaking på arrangement og fellesprosjekt.....	5
1.3.8	Dirigenttenester til korps og kor	5



1.1 OM TILBODET

Alver kulturskule gjev tilbod om undervisning innan musikk, teater, dans, visuell kunst, småbarnstilbod og andre kulturuttrykk for born og unge i alderen 0–20 år. Det er inga aldersgrense for tilpassa tilbod til menneskje med særlege behov.

1.2 ELEVINTAK

1.2.1 Søknadsprosess

Søknadar om elevplass, moderasjonar, re-registrering og utmelding vert levert og handsama via gjeldande digitale administrasjonssystem. Søkjar pliktar å halde informasjonen sin oppdatert etter tildeling av plass og oppstart av tilbod.

Søknadsfrist er 1. april

1.2.2 Fornyng, re-registrering og utmelding

Vidareføre elevplass: re-registrering med frist 1. april

Vidareføre venteliste: re-registrering med frist 1. april

Utmelding: frist 1. april

Ved utmelding etter denne fristen, vert neste semester rekna som påbegynt, og eigenandel vert fakturert.

Fordjupingstilbod: frist 1. februar.

1.2.3 Andre føresegn for inntak

Søkjarar utan tilbod i kulturskulen vert prioritert

Inntak til fordjupingstilbod skjer etter opptaksprøve

Elevar kan ha fleire tilbod i kulturskulen

1.2.4 Bytte av fag

Ein kan søkje om bytte av fag som del av re-registreringa. Eksisterande elevplass vil fortsetje saman med plass på venteliste til aktuelt nytt fag. Bytte av elevplass vert tildelt etter ventelisteansiennitet på det aktuelle faget.

Ønskje om bytte av lærar skjer etter like føresegn.

1.2.5 Venteliste

Dersom det er fleire søkjarar enn elevplassar, gjeld følgjande kriterium for prioritering:

Ventelisteansiennitet innan gjeldande fag, alder, bustad, timeplan og alderssamansetjing.



Ventelisteansiennitet vert gitt frå første dato ein har søkt gjeldande fag. Elevar som ikkje får elevplass ved ny søknad, vert automatisk ståande på venteliste.

1.2.6 Undervisningstid

Alver kulturskule følgjer skuleruta, og med 36 vekers undervisning.

Undervisning éin elev: 20 minutt

Gruppe to elevar: 30 minutt

Gruppe tre eller fleire elevar: 40 minutt

Faga dans, drama, teater, småbarnstilbod, visuelle kunstoffag og andre tilsvarande vert som hovudregel undervist i grupper etter pedagogiske omsyn. Undervisninga kan etter nærmare vurdering variere i lengde etter desse omsyna.

Vidarekomne elevar kan etter vurdering få tilbod om ekstratid etter relativ sats

For fordjupingstilbod gjeld eigne føresegn.

1.2.7 Instrument og materiell

Elevane må som hovudprinsipp sjølv stå for notar, materiell og anna utstyr som vert nytta i undervisninga. Utstyret må halde god standard.

Kulturskulen har utleigeordning for ulike instrument etter eiga oversikt.

Instrumentleige er mogleg inntil tre år, eller så lenge eleven treng instrument i redusert storleik.

Leigetakar må betale slitedelar som strengar til strykeinstrument og gitarar, og fliser til treblåseinstrument etter behov. Ved eventuell skade på instrumentet må reparasjonsutgift dekkast av den einskilde leigetakar.

1.3 EIGENBETALING, MODERASJONAR OG GENERELLE FØRESEGN

1.3.1 Eigendel og moderasjonar

Eigendel vert fakturert to gongar i året, haust og vår.

Betalingssatsar vert regulert gjennom Alver kommune sitt gebyrregulativ.

1.3.1.1 Moderasjonar Alver kulturskule

Fleirfagsmoderasjon: 25 %

Søskenmoderasjon barn nr 2: 25 %

Søskenmoderasjon barn nr 3+: 50 %

Ein kan søkje om refusjon av eigendel ved tap av undervisning meir enn fire gonger per halvår, dersom dette er grunna avlysing ved mangel på vikar. Tilsvarande ordning gjeld om eleven er sjukemeld over ein lenger periode.



Berre éin moderasjon gjeld om gongen per elevplass. Føresette med fleire elevplassar i kulturskulen må vere registrert med same betalar for alle elevplassane for at moderasjonsordningane skal gjelde.

1.3.1.2 Redusert eigendel for hushald med låg inntekt

Hushald med inntekt lågare enn den til ein kvar tid gjeldande og sentralt regulerte satsen for gratis kjernetid i barnehagar brutto per år, kan søkje om redusert eigenbetaling til 50% av gjeldande sats. Ordninga gjeld for barn opp til 16 år med elevplass i kulturskulen.

Med søknaden må det følgje inntektsopplysingar for dei siste to år, som viser hushaldets heilskaplege bruttoinntekt. Frist er 1. april. Som hovudregel gjeld søknaden ut kulturskuleåret. Øvre tal med redusert eigenbetaling er 30 elevplassar. Dersom det i etterkant kjem fram at inntektsopplysingane gitt i søknad er ufullstendige, vil full eigenbetaling verte fakturert.

1.3.2 Bindingstid

Éin elevplass gjeld for eitt kulturskuleår om gongen, og er bindande. Eleven pliktar å møte til undervisninga. Elevar som av uførutsette årsaker må slutte i løpet av kulturskuleåret, til dømes ved sjukdom, flytting eller andre særskilde grunnar, kan søkje redusert betaling.

1.3.3 Permisjon

Permisjon frå elevplass er gjeldande for eitt kulturskuleår. Før permisjonstida går ut, og før 1. april, må eleven/føresette ta kontakt for å avklare situasjonen vidare. Elevar i fordjupingsprogram som får innvilga permisjon, må rekne med ny opptaksprøve etter avslutta permisjon.

1.3.4 Frammøte og fråvær

Avvik frå undervisninga vil verte kommunisert via digitalt administrasjonssystem og andre kommunikasjonskanalar. Elevane pliktar å møte presis og førebudd til undervisning og arrangement. Føresette eller elevar melder fråvær direkte til lærar.

1.3.5 Tap av elevplass

Ein elevplass kan tapast dersom eleven gjentatte gongar har ulegitimert fråvær, ikkje viser tilstrekkeleg interesse og eigeninnsats over tid, eller viser åtferd som er til hinder for undervisninga. Manglande innbetaling av eigenandel fører til tap av tildelt elevplass.

1.3.6 Pedagogisk plattform

Alver kulturskule byggjer undervisninga si på Norsk kulturskuleråd si rammeplan *Rammeplan for kulturskulen – Mangfald og fordjuping*, og lokale fagplanar, god praksis og rammeplanar frå dei samanslåtte kommunane



1.3.7 Deltaking på arrangement og fellesprosjekt

Alver kulturskule arrangerer fleire konsertar, framsyningar, utstillingar, fellesprosjekt og samarbeid i løpet av kulturskuleåret. Dette er ein integrert del av undervisninga og opplæringsløpet.

1.3.8 Dirigenttenester til korps og kor

Alver kulturskule tilbyr dirigenttenester til korps og kor etter egne satsar og avtalar.

Arkiv: FE-140
JournalpostID: 20/4354
Saksbehandlar: Kristin Nåmdal
Dato: 25.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for næringutvikling og drift	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Ungdomsråd	
004/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020
004/20	Eldreråd	03.02.2020
004/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020

Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 - Høyring

Vedlegg i saken:

25.01.2020	Planstrategi for Alver kommune 2020-2023	1343961
25.01.2020	Utfordringsnotat Planstrategi for Alver (L)(17503)	1343962

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råd og utval får Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 til uttale.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen. Drøftinga er grunnlag for å ta stilling til planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar. Den tek ikkje stilling til innhaldet i planane.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

Prosess

Fellesnemda behandla framlegg til planstrategi i møte den 02.09.19 og gjorde i sak følgjande FA- 039/19 Vedtak: Fellesnemda oversender vedlagte utfordringsnotat og planstrategi 2020 - 2024 til kommunestyret i Alver for endelig handsaming med følgjande tillegg: Områdeplan for Lindås må inn i planstrategien.

Formannskapet i Alver behandla planstrategien i møte den 05.12 .19 i sak 19/19.

Framlegg til Planstrategi for Alver kommune 2020-2024 er lagt ut på høyring i etter Plan og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi. Frist for høyringa er 26.02.19.

Råd og utval i Alver får planen til uttale.

Planen skal vedtakast i kommunestyre.

Grunnlag for planstrategi i Alver

For å sikre best mulig grunnlag for planarbeid og planprioritering inn i Alver, vart prosjektet «Planarbeid mot Alver kommune» starta hausten 2018. Mål for planarbeidet var å utarbeide grunnlag for planarbeid i Alver kommune.

Resultatmål for arbeidet var å kartlegge korleis kommunane arbeider med samfunnsplanlegging i dag og korleis dette blir organisert i eksisterande kommunar. Vidare skulle vi kartlegge overordna planar i kommunane Lindås, Meland og Radøy. Det skulle utarbeidast ei analyse som skal vere grunnlag for planprioritering og planstrategi i Alver Kommune. Som eit resultat av dette skulle vi utarbeide forslag til planstrategi.

Med utgangspunkt i bestillingen av prosjektet «Planer mot Alver» er det laga eit framlegg til planstrategi og utfordringsdokument for Alver.

Organisering av arbeidet med planstrategien

Det er etablert ei administrativ prosjektgruppa som har arbeida med eit moglegheit -og utfordringsdokumentet og framlegg til planstrategi.

Mogelegheit -og utfordringsdokumentet har vore presentert for fellesnemda i møte 4.mars.2019.

Det har vore administrative drøftingar av moglegheit -og utfordringsdokumentet og planbehov med leiargruppa i Alver.

Om planstrategien

Framlegget til planstrategi for Alver kommune og vurdering av planbehovet

er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Planstatus i dei tre kommunane med særleg fokus på planoppgaver som er vesentlige å ha på plass i ein tidlig fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelighet og utfordringsdokumentet.

Det lagt vekt på følgjande områder for prioritering av planar:

1. Behovet for felles kommuneplan for Alver kommune.
2. Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
3. Heilskapeleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
4. Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidssretta tenester.

1)Behov for felles kommuneplan for Alver. For å få til ein heilskapeleg samfunnsutvikling er det behov for tidleg å starte opp arbeidet med ny kommuneplan. Samfunnsdelen har ei viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medvirkning. Skal samfunnsdelen ha ein slik rolle for kommunestyre i Alver, bør samfunnsdelen utarbeidast uavhengig av arealdelen. Samfunnsdelen bør vedtakast så tidlig som mulig i perioden. Dokumentet skal vere eit strategidokument som kan gje tydelig retning for politiske prioriteringar og utvikling i Alver.

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før samanslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planen vil gjelde for det same arealet som før, den vil være rettslig bindende og styrearealdisponeringa på same måte som før samanslåinga. Men planane vil ikkje vere samordna. Innbyggjarane og næringsliv i Alver treng ein føreseieleg og felles forvaltningspolitikk. Målet er difor å få vedteke ein ny arealdel for den nye kommunen så raskt det er mulig. Prosess og framdrift er skissert i planstregien.

2) Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter) Intensjonsavtalen for

Alver kommune blei det vedteken ein senterstruktur for den nye kommunen.

Det bør gjennomførast ei overordna analyse på desse sentra i Alver. Sentrale problemstillingar vil vere: Kva funksjon har sentra i dag og korleis kan vi sjå på dei i samanheng. Kva finst av tilgang på fritidstilbod og offentleg og privat tenesteyting? Korleis er demografien, kva omland høyrer til lokalsentra og senteravgrensing. Kva areal er sett av til bustad og næring? Dette vil gjere oss i stand til å peike på nokre moglegheiter og utfordringar i sentra , for at dei skal vere eit godt tilbod til innbyggjarne og bidra til ei god heilskapleg utvikling i Alver.

3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund.

Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund. I dette området er det fleire nyleg vedtekte planer og omfattande planer i prosess. Vi bør arbeide med å knyte saman planene i området. Slik kan vi og ta strategiske beslutningar med omsyn til grøn mobilitet, grønstruktur og næringstruktur. Det bør utarbeidast ei moglegheitsstudie for aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund.

4) Tydeleggjere rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidsretta tenester.

Det er kommuneplanen sin samfunnsdel som skal seie noko om korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon.

I intensjonsavtalen er det lagt særleg vekt på at Alver skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Den nye kommunen skal møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet, og tenestetilbodet skal vere der brukarane bur. Alver kommune skal også prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjonen.

I planstrategien er det difor prioritert å gjennomføre planar som skal sikre at kommunen jobbar heilskapleg med samfunns- og næringsutvikling, i tillegg til planar som definerer ambisjonane på dei store tenesteområda innan helse, sosial og omsorg og oppvekst.

Arkiv:

JournalpostID: 20/4568

Saksbehandlar: Hogne Haugsdaler

Dato: 27.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Ungdomsråd	
005/20	Eldreråd	03.02.2020
006/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020
005/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Utval for næringutvikling og drift	
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering

Vedlegg i saken:

27.01.2020	Protokoll frå Ungdomsrådet 18-11-19	1344370
27.01.2020	Politisk styringsstruktur og reglement	1344365

Saka skal til uttale i alle råd og utval

Saka skal til innstilling i formannskapet 06.02

Saka skal til vedtak i kommunestyret 20.02

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret i Alver vedtar endringar i politisk styringsstruktur og reglement slik det er lagt fram i saka.
- Vurdering av vedtak i ungdomsrådet (sak 09/19) blir lagt fram for politisk drøfting.

Saksopplysninger:

Reglement for kommunestyre, formannskap, råd og utval blei vedtatt i første kommunestyremøte for Alver kommune 17.10.2019. Utarbeiding av reglementet var eit eige politisk prosjekt i samband med etablering av Alver kommune. Fellesnemnda var politisk styringsgruppe, og det var nedsett ei

eiga politisk prosjektgruppe.

Reglementet set rammene for det politiske arbeidet med utgangspunkt i kommunelova. Reglementet gjentar nokon av reglane i kommunelova og gjer presiserande, utdjupande og supplerande regler innanfor rammene i lova. Heimel for kommunestyret til å fastsetje reglement med nærare reglar for sakshandsaminga i dei folkevalte organa er kommunelova § 11-12. Reglementet inneheld også etiske retningsliner for Alver kommune, delegering til rådmannen og arbeidsvilkår og godtgjerdse til folkevalde. Reglementet beskriv også korleis ei endring av reglementet skal handterast. Reglementet blir endra av kommunestyret ved alminneleg fleirtal, og endringsforslag til reglementet må leggjast fram som ordinær sak på saklista til kommunestyret.

Programansvarleg og administrasjonen var i liten grad involvert i prosjektet med å utarbeide reglementet. Det er politisk nivå sjølv som definerer rammene for sitt arbeid, i tillegg var intensjonsavtalen styrande for den politiske organiseringa i Alver kommune.

I denne saka legg rådmannen fram forslag til enkelte endringar og presiseringar i reglementet. I tillegg blir det lagt opp til å handsame ungdomsrådet sitt vedtak 09/19 som blei vedtatt i møte 18.11.19.

UR- 009/19 Vedtak:

Orientering i saka v/Ebbe lo. Forslag: *Alver ungdomsråd ynskjer primært møte- og talerett i Alver kommunestyre, Alver formannskap og i utval for Oppvekst, kunnskap og kultur. Sekundært ynskjer Alver ungdomsråd òg møte- og talerett i dei utval som behandlar saker som Alver ungdomsråd har uttalt seg i. Alver ungdomsråd ynskjer at møterett gjeldt alle medlemmer, men at talerett er begrensa til leiar eller nestleiar.*

Vurdering

Politisk styringsstruktur og reglement skal gje rammene for det politiske arbeidet i kommunen, med beskriving av politisk organisering, møtereglar og arbeids- og ansvarsområde for kommunestyre, formannskap, og ulike utval, råd og nemnder. I tillegg beskriv reglementet kva delegering rådmannen har. I november og desember 2019 blei det jobba med å etablere dei ulike politiske råd og utval, og det blei gjennomført opplæring for å klargjere arbeids- og ansvarsoppgåver. Etter denne gjennomgangen ser rådmannen at det kan vere behov for å gjere enkelte endringar og presiseringar i reglementet. Dette gjeld både fordeling av ansvarsområder og klargjering av ansvar og mynde.

Rådmannen har framlegg til endring og presisering på følgjande områder

Ansvarsområde/tema	Delegert til i dag	Framlegg til endring	Kommentar/grunngeving/presisering
Trafikksikring	Areal, plan og miljø (APM)	Formannskapet	Trafikksikring handlar om å definere overordna politikk på området og prioritere økonomiske

			rammer for fysiske og haldningsskapande tiltak. Rådmannen meiner at formannskapet bør ha ansvaret for å legge dei overordna rammene på området. Utval for areal, plan og miljø skal følgje opp desse rammene for trafikksikring i handsaming av arealplanar.
<p>Tekst i reglement:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overordna rapportering knytt til mindre byggeprosjekt - Drift og vedlikehald av kommunal eigedom og anlegg - Forvaltning veg, vann og avløp 	Næringsutvikling og drift	Inga endring på utval	<p>Det er uklart kva politisk handlingsrom utvalet har slik ansvarsområdet er beskrevet i dagens reglement. Rådmannen foreslår ei presisering som gir ei tydeligare ramme på kva ansvar utvalet har. Næringsutvikling og drift skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vere styringsgruppe for aktuelle hovudplanar og temaplanar innafor drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale eigedomar, anlegg, veg, vatn og avløp - Følgje opp årlege forvaltnings- og vedlikehaldsplanar
Kjøp og sal av areal, eigedomar og bustadar	Formannskapet	Inga endring på utval	<p>I prinsippet skal alle saker som omhandlar kjøp og sal av eigedom og areal til politisk handsaming. Dette kan i enkelte tilfelle vere ei praktisk utfordring, det gjeld særleg knytt til kjøp og sal av bustader til kommunale tenester. Prosessane er knytt til det som skjer på bustadmarknaden og då er ikkje tempo tilpassa kommunal sakshandsaming. I tillegg får kommunen mange førespurnader om kjøp av mindre areal, grensejustering og arealoverføringar, i tillegg er kommunen ofte involvert i prosessar knytt til grunnnerverv i samband med utbyggingar. For å forenkle prosessar og praktisk</p>

			<p>gjennomføring ser rådmannen behov for å ha fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av bustader til kommunale tenester innafor ei økonomisk ramme. I tillegg ser rådmannen behov for å ha fullmakt til kjøp og sal av mindre areal og eigedomar som ikkje har prinsipiell eller strategisk verdi. I tvilstilfelle vil rådmannen ha dialog med ordførar.</p> <p>Framlegg til fullmakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av bustader til kommunal verksemd innanfor ei definert økonomisk ramme. Kjøp og sal må støtte behov og mål i bustadsosiale planar og økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet. - Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av areal og eigedomar som ikkje har prinsipiell eller strategisk verdi. I saker der det er tvil om prinsipiell og strategisk verdi, skal rådmannen ha dialog med ordførar. Økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet - Rådmannen skal rapportere på kjøp og sal av bustader, areal og eigedomar i samsvar med rapporteringsrutinar i økonomireglementet.
Melding om hending til politiet (Anmeldelse)	Kommunestyret – ikkje delegert vidare	Delegert til rådmannen	Melding til politiet om mulig straffbare forhold er ein viktig del av driftsoppfølginga i organisasjonen. I dag ligg dette ansvaret til kommunestyret. Av praktiske omsyn bør dette ansvaret vere delegert til rådmannen.
Utbyggingsavtalar	Kommunestyret –	Formannskapet	Det er ikkje presisert i reglementet kva utval som har ansvar for

	ikkje delegert vidare		utbyggingsavtalar. Rådmannen foreslår at formannskapet får utbyggingsavtalar som ansvarsområde, då dette i stor grad gjeld økonomiske forhold for kommunen. Formannskapet får også delegert mynde til å legge utbyggingsavtalar ut på høyring i samsvar med plan- og bygningslova kap. 17
--	-----------------------	--	---

Vurdering av vedtak frå ungdomsrådet 18.11.19

I sak 09/19 vedtok ungdomsrådet følgjande: *Alver ungdomsråd ynskjer primært møte- og talerett i Alver kommunestyre, Alver formannskap og i utval for Oppvekst, kunnskap og kultur. Sekundært ynskjer Alver ungdomsråd òg møte- og talerett i dei utval som behandlar saker som Alver ungdomsråd har uttalt seg i. Alver ungdomsråd ynskjer at møterett gjeldt alle medlemmer, men at talerett er begrensa til leiar eller nestleiar.*

Rådmannen legg i utgangspunkt fram saka til politisk drøfting og handsaming, men anbefalar at ungdomsrådet får møte- og talerett i dei utval som behandlar saker som Alver ungdomsråd har uttalt seg i. Leiar eller den som møter for leiar har møte- og talerett.

Rådmannen sitt framlegg til endring og presisering:

- Ansvarsområde trafikksikring blir flytta frå utval areal, plan og miljø til formannskapet
- Under arbeids- og ansvarsområde for utval næringsutvikling og drift blir følgjande tekst lagt inn:
 - Vere styringsgruppe for aktuelle hovudplanar og temaplanar innafor drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale eigedomar, anlegg, veg, vatn og avløp
 - Følgje opp årlege forvaltnings- og vedlikehaldsplanar
- Kjøp og sal av areal, eigedomar og bustadar, fullmakt til rådmannen:
 - Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av bustader til kommunal verksemd innanfor ei definert økonomisk ramme. Kjøp og sal må støtte behov og mål i bustadsosiale planar og økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet.
 - Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av areal og eigedomar som ikkje har prinsipiell eller strategisk verdi. I saker der det er tvil om prinsipiell eller strategisk verdi, skal rådmannen ha dialog med ordførar. Økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet
 - Rådmannen skal rapportere på kjøp og sal av bustader, areal og eigedomar i samsvar med rapporteringsrutinar i økonomireglementet
- Melding om hending til politiet (Anmelde til politiet)
 - Rådmannen får delegert mynde til å anmelde saker til politiet på vegne av kommunen.

- Utbyggingsavtaler
 - Formannskapet får utbyggingsavtaler ansvarsområde.
 - Formannskapet får delegert mynde til å legge utbyggingsavtaler på høyring i samsvar med plan- og bygningslova kap. 17

Arkiv: FA-A1, TI-&00
JournalpostID: 20/4446
Saksbehandlar: Astrid Namtvedt
Sylta
Dato: 27.01.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
006/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020
	Alver kommunestyre	
007/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020

Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune

Vedlegg i saken:

27.01.2020	Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune	1344121
27.01.2020	Høyringsvar	1344122
27.01.2020	Høyring vedtekter	1344123
27.01.2020	Høyringsuttale Vedtekter for kommunale barnehager i Alver	1344124
27.01.2020	Uttale vedtekter barnehage	1344125
27.01.2020	Høyring forslag til vedtekter for barnehagane og SFO	1344126
27.01.2020	høyringsinnspel	1344127

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksopplysninger:

Kommunane Lindås, Meland og Radøy vart frå 01. januar 2020 slått saman til Alver kommune. Vedtekter for kommunale barnehagar i dei tre kommunane må erstattast med nye. I Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 19.11.2019 vart det gjort vedtak om å sende vedtektene på høyring. Høyringsfristen var 6.januar 2020.

Rådmannen har motteke høyringsinnspel frå desse:

Su i Bø barnehage

Su/skulemiljøutvalet i Austebygd skule og barnehage

Utdanningsforbundet i Alver

Su i Juvikstølen barnehage

Su i Sæbø barnehage

Su i Prestmarka barnehage

Rådmannen vil her gje ei oppsummering av innhaldet i dei ulike høyringsinnspela.

Su i Bø barnehage:

Det er ønskeleg at det i vedtektene vert presisert at barn får plass i barnehagen som ligg nærast skulen barna skal gå på.

Det er ønskeleg at det skal vere eit minimum tal barn som nyttar barnehagen om morgonen, frå 07.00 -07.30, og om ettermiddagen frå 16.30-17.00. Dette for at dei ulike barnehagane kan gjere lokale tilpassingar.

Det vert stilt spørsmål ved kva som skjer dersom barn ikkje har følgd vaksineprogrammet. Får dette konsekvensar, bør det stå noko i vedtektene om dette?

Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage :

Det vert stilt spørsmålsteikn med kva det betyr at barnehagen sin opptakskrets og opptakskriterie skal vere definerte i den einskilde barnehage sine vedtekter. Su går utfrå at dette gjeld for dei private barnehagane.

Su ønskjer at opningstida i barnehagen skal vere slik den er no, frå 07.00 til 16.30, og at opphaldstida for det enkelte barn ikkje er meir enn 9 timar. SU meiner at det må stå i vedtektene kven som skal bestemme og gjere dei lokale tilpassingane i opningstidene.

Utdanningsforbundet i Alver:

Utdanningsforbundet viser til at dei i økonomiplanperioden før jul kom med innspel på at budsjetta i dei kommunale barnehagane var kritisk låge. Dei tilsette melder om ei bemanning som er så låg at med ein gong nokon er sjuke, er i møte eller på kurs, går dette utover sikkerheita til barna.

Pedagogane melder om at mykje av planleggingstida deira går ut, og sentrale- og lokale satsingar ikkje vert følgd opp. Barn med særskilde behov får ikkje god nok tilrettelegging, og foreldremøte og samtalar er ikkje godt nok førebudde.

Utdanningsforbundet har vanskar med å forstå at rådmannen vil fjerne maksimaltida for barn i barnehage, og auke den daglege opningstida til 10 timar. Begge desse endringane vil føre til at bemanninga vert «smørt enno tynnare utover», noko som vil auke presset og senke kvaliteten ytterlegare. Utdanningsforbundet meiner at ein føresetnad for å kunne gjere desse endringane i vedtektene, er at det på førehand vert budsjettert med auka bemanning. Når dette ikkje er gjort, vert det bede om at alle barnehagane held fram med noverande opningstider.

Samstundes ønskjer dei at maksimaltida for alle barn vert sett til 9 timar per dag, slik det er i Lindås og Radøy i dag.

Su i Juvikstølen barnehage:

Su i Juvikstølen viser til at det har falle vekk eit ord i sitatet frå Barnehagelova § 12 a. Dei peikar og på gjentaking av same lovparagraf fleire plassar i vedtektene.

Su har merknader til opptakskriteriene i høve suppleringsopptaket. Dei

meinar at det kan verke misvisande at vurderingane under punkt 2 er utdjupa medan det ikkje er gjort under punkt 1. Su foreslår at det vert vist til dei same retningslinjene i suppleringsopptaket som i hovudopptaket. Su har kommentar til at maks opphaldstid på 9 timar per dag vert tatt bort. Ut frå eit foreldreperspektiv kan dette vere positivt. Mange foreldre har lang arbeidsveg og vil ha problem med å rekke barnehagen. Su peikar på at ei utviding av opphaldstid må verte sett i samanheng med bemanninga i barnehagen. Skal ein utvide barna si opphaldstid, må ein samstundes auke bemanninga på avdelingane, seier Su. Når det gjeld frammøte ved sjukdom, vert det vist til at kommuneoverlegen / smittevernoverlegen har utarbeidd ei brosjyre med retningslinjer. Denne bør vere nemnd i vedtektene.

Su i Sæbø barnehage:

Su i Sæbø barnehage peikar på at det ikkje er ressursar til å oppretthalde bemanningsnorma i heile opningstida til barnehagen. Det vert operert med kjernetid i barnehage der heile personalet er på jobb. Su meiner det bør stå noko i vedtektene om korleis Alver kommune definerer bemanningsnorma og korleis det er organisert i dei kommunale barnehagane.

Høgt sjukefråver kan påverke om barnehagane klarer å oppretthalde bemanningsnorma. Finst det kommunale retningslinjer for bruk av vikar ved sjukefråver?

Su peikar på at lovteksten i § 12 a knytt til *rett til plass* i barnehage, kan vere vanskeleg å forstå. Dei ber om ei klargjering i høve til dette punktet. Det vert særleg stilt spørsmål til definisjon av deltids plass. Kva skjer etter eitt år, misser ein plassen, eller får ein automatisk ein full plass?

Su stiller spørsmål til det som står om at alle barnehagar skal definere eigen opptakskrets og eigen vedtekter. Har dei kommunale barnehagane egne vedtekter utanom dei som er til høyring? Su etterspør dokument som definerer dei ulike opptakskretsane. Når det gjeld oppseiing / endring av plass, ønskjer Su ei presisering av dette. Er dette endring av opphadstid i eigen barnehage, eller ønskje om bytte av barnehage?

I samband med helsekontroll vert det stilt spørsmål til om det finst rutinar i høve barn som ikkje oppfyller krava.

Su i Prestmarka barnehage:

Su i Prestmarka barnehage ønskjer ei presisering av kva pedagognorma inneber.

Det vert og stilt spørsmål i høve til helsekontroll av barn og personale. Kva gjer ein i høve barn som ikkje har følgd vaksineprogrammet – rutinar / retningslinjer for dette? Vaksinasjon av personale t.d. influensavaksine? Tuberkolosekontroll- korleis vert dette gjennomført?

Vurdering:

Rådmannen vil her vurdere dei ulike innspela som har kome inn.

I 5 av dei 6 høyringsinnspela er det stilt spørsmål ved *opningstid i barnehagen, dagleg opphaldstid, bemanningsnorm og pedagognorm*. Det vert peika på at desse

punkta heng saman. Su i Sæbø barnehage etterspør korleis Alver kommune definerer bemanningsnorma og korleis dette vert praktisert i dei kommunale barnehagane. Som det står i punkt 2 i Vedtektene vert barnehagane drivne i samsvar med Barnehagelova m/ forskrifter, gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, og til ei kvar tid gjeldande kommunale planar. I Barnehagelova § 18 Grunnbemanning står det mellom anna, sitat: *Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.*

Lova seier ingenting om at denne bemanninga skal vere på avdelinga heile dagen. Det er såleis opp til kvar enkelt barnehage å organisere dagen til beste for barna og dei tilsette.

I forskrift til pedagogisk bemanning står det mellom anna: *Barnehagen skal ha minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.*

Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.

Dei kommunale barnehagane i Alver kommune vert drivne i høve til krava i Barnehagelova.

Su i Sæbø spør om det finst kommunale retningslinjer for bruk av vikar ved sjukefråver? Behov for, og bruk av vikar, må verte sett i samanheng med korleis situasjonen i barnehagen til ei kvar tid er. Kor mange barn er i barnehagen, korleis er det på dei andre avdelingane, kan dei ulike avdelingane hjelpe kvarande. Vurderinga om det er behov for vikar, må såleis til ei kvar tid gjerast av styrar.

Når det gjeld opningstid og dagleg opphaldstid, har denne vore ulik i dei kommunale barnehagane i Lindås, Meland og Radøy. Rådmannen ønskjer at dette skal samordnast i Alver kommune. Utdanningsforbundet i Alver stiller seg undrande til at rådmannen rår til at opningstida og makstida kvar dag vert utvida, utan å samstundes auke dei økonomiske rammene til barnehagane. Allereie i budsjettprosessen hausten 2019 tok Utdanningsforbundet dette opp. Su i Juvikstølen barnehage peikar også på dette. Dei ser at ei utviding av den daglege opningstida og opphaldstida kan vere fornuftig, mange har lang arbeidsveg og vil ha problem med å rekke barnehagen. Å måtte leggje opp til at fleire skal hente og bringe i barnehagen kvar dag, vil ikkje nødvendigvis vere til *barnets beste*. Su peikar på at ei utviding av opphaldstid må verte sett i samanheng med bemanninga i barnehagen. Skal ein utvide barna si opphaldstid, må ein samstundes auke bemanninga på avdelingane, seier Su i Juvistølen. Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage ønskjer at opningstida i barnehagen skal vere slik som den er no, frå 07.00 til 16.30, og at opphaldstida for det enkelt barn ikkje er meir enn 9 timar. Vidare meiner dei at det må stå i vedtektene kven som skal bestemme og gjere dei lokale tilpassingane i opningstidene.

Å ha ei felles opnings- og opphaldstid for alle dei kommunale barnehagen, gjev føreseielege rammer for dei føresette. Det er viktig å presisere at dette er rammene,

dei føresette kan velje å nytte kortare dagar visst dei ønskjer det. Dei fleste vil nok meine at 9 timar i barnehagen kvar dag er lang nok dag for små barn. Går ein tilbake i tid, vart det nytta kortare dagar, og mange barn hadde deltidsplass i barnehage. Slik er det ikkje i dag, dei fleste føresette er i full jobb, og barna treng full barnehageplass. Barnehagetilbodet må såleis tilpasse seg endringane i samfunnet.

I Alver kommune er det 29 barnehagar, 21 er private og 8 er kommunale. Mange av dei private barnehagane har opningstider som er lenger enn 9 timar kvar dag. Opningstid er såleis eit moment som føresette ser på når dei skal velje barnehage.

Når det gjeld lokale tilpassingar i høve opningstider, er det tenesteleiar for barnehage og styrar i den barnhage det gjeld, som har ansvaret for dette.

Su i Bø barnehage meiner at det bør vere eit minimum tal barn som nyttar barnehagen om morgonen, frå 07.00 -07.30, og om ettermiddagen frå 16.30-17.00. Dette for at dei ulike barnehagane kan gjere lokale tilpassingar. Rådmannen tenkjer at også dette ansvaret må liggje hjå tenesteleiar barnehage og styrar i barnehagen det gjeld.

I fleire av høyringsinnspela er det tatt opp ulike spørsmål knytt til opptak, opptakskrets og retten til barnehageplass. Under punkt 5 § 12 i Vedtektene er det falle vekk litt av teksten. Rett tekst er: *Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

Det er og peika på at § 12 er gjentatt fleire gonger i vedtektene, og at dette bør endrast på.

Su Sæbø peikar på at lovteksten i punkt 5 § 12 a knytt til *rett til plass* i barnehage, kan vere vanskeleg å forstå. Dei ber om ei klargjering i høve til dette punktet. Det vert og stilt spørsmål til definisjon av deltidsplass. Kva skjer etter eitt år, misser ein plassen, eller får ein automatisisk ein full plass?

Ei presisering av § 12, for å ha rett til barnehageplass må du:

- bu i kommunen
- søkje barnehageplass innan fristen for hovudopptaket 1. mars
- Dersom barnet ditt fyllet eitt år i august, september, oktober eller november har du rett på plass den månaden barnet ditt fyller år. Barn som er født desse fire månadane må med andre ord ikkje betale for plassen før dei startar i barnehagen.

Deltidsplass vert gjeve for eitt år om gangen. Ingen barn misser plassen sin etter eitt år. Kva plass barnet skal ha komande barnehageår, vert avgjort i dialog mellom føresette og styrar i barnehage.

Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage stiller spørsmålsteikn med kva det betyr at barnehagen sin opptakskrets og opptakskriterie skal vere definert i den einskilde barnehage sine vedtekter. Dei går utfrå at dette

gjeld for dei private barnehagane. Det same stiller Su Sæbø spørsmålteikn ved. Rådmannen ser at dette kan verke misvisande. Vedtektene som er på høyring og som det no vert jobba med, er dei kommunale barnehagevedtektene. Desse gjeld for alle dei kommunale barnehagane i Alver. Alver kommune er opptakskretsen for dei kommunale barnehagane.

Når det gjeld oppseiling / endring av plass i punkt 6 i vedtektene, ønskjer Su Sæbø ei presisering. Er dette endring av opphadstid i eigen barnehage, eller ønskje om bytte av barnehage?

Dette gjeld endringar i eigen barnehage.

Su Juvikstølen har merknader til opptakskriteriene i suppleringsopptaket. Dei meiner at det kan verke misvisande at vurderingane under punkt 2 er utdjupa medan det ikkje er gjort under punkt 1. Su foreslår at det vert vist til dei same retningslinjene i suppleringsopptaket som i hovudopptaket.

Rådmannen foreslår ei samordning i opptakskriteria i hovud- og suppleringsopptaket. Det er ingen grunn til at det skal verte gjort andre skjønnsvurderingar i hovudopptak enn suppleringsopptak. Den største skilnaden er at søknadane i suppleringsopptaket er kome inn etter søknadsfristen for opptak.

Hovudopptak:

Opptaket vert gjort i høve til § 12 a og § 13 i Barnehagelova. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden. Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Suppleringsopptak:

Barn med lovmessig rett, men som har søkt etter 1.mars.

Opptaket vert gjort i høve til § 12 a og § 13 i Barnehagelova. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden. Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Alver kommune er opptakskretsen for dei kommunale barnehagane i Alver. Barn busette i Alver kommune vert prioriterte ved opptaket. Dei kommunale barnehagane i Alver har berre heildagsplassar.

Su i Bø barnehage meiner det bør stå i vedtektene at barn får plass i barnehagen som ligg nærast skulen dei skal gå på.

I søknadsprosessen prioriterer føresette kva barnehagar dei ønskjer. Dei må velje meir enn ein barnehage. På bakgrunn av prioriteringane prøver rådmannen å imøtekome ønskja så langt råd er. Å vedtektsfeste rett til ein enkelt barnehage vil vere umogeleg. Dette må verte sett i høve til ledige plassar, rett til prioritet og opptakskriterie.

Su i Bø, Sæbø, Juvikstølen og Prestmarka barnehagar har stilt spørsmål i høve til

sjukdom, vaksineprogram, helsekontroll m.m.

I § 7 i Barnehagelova står det kva vedtektene skal innehalde. Dei skisserer ei ramme. Utdjuping av spørsmåla knytt til helse m.m. vil såleis ikkje liggje i vedtektene. Desse spørsmåla vil verte handsama der dei høyrer heime, t.d i samarbeid med kommuneoverlege og helsestasjon.

I Lindås vart det i 2019 utarbeidd ein informasjonsbrosjyre om smittevern i barnehage. Målgruppa for denne er føresette og tilsette i barnehage. Brosjyren vert no tatt i bruk i dei kommunale barnehagane i Alver kommune.

I punkt 8 i dei nye vedtektene er definisjon søsken lagt inn. Desse var ikkje med i høyringsutkastet. Ved å gjere denne endringa, er desse punkta like i vedtektene for barnehage og SFO. Rådmannen vurderer dette som ein del av samordniga av Oppvekst i Alver kommune.

Rådmannen konkluderer med behov for følgjande endringar i framlegget som vart sendt ut på høyring om vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune. Endringane er merka med raudt i vedtektene:

Punkt 4: Norm for pedagogisk bemanning var ikkje lagt inn i høyringsutkastet. Denne er lagt inn i dei reviderte vedtektene.

Punkt 5: Her er mangel i lovparagrafen om *rett til plass* retta opp.

Punkt 6: Her er lagt inn ei presisering av søknadsfristen.

Punkt 7: Her er lagt inn ei tydeleg presisering om at Alver kommune er opptakskrets for dei kommunale barnehagane.

Det er og gjort ei tydleggjering av opptakskriterie i hovudopptak og suppleringsopptak. Desse er no meir like.

§ 12 i Barnehagelova er tatt vekk. Denne ligg i punkt 5.

Punkt 8: Definisjon på søsken var ikkje med i høyringsutkastet. Denne er no lagt inn i vedtektene. Denne definisjonen er den same som den som er brukt i vedtektene til SFO.

Punkt 9: Det er gjort endringar i opningstid og opphaldstid i dei kommunale barnehagane i Alver.

Arkiv: FA-A22, TI-&00
JournalpostID: 20/2182
Saksbehandlar: Leif Bjørnar Hopland
Dato: 14.01.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
007/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.02.2020
	Alver kommunestyre	
008/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

Vedlegg i saken:

22.01.2020	Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune	1342835
22.01.2020	Sæbø skule, SU Uttale til forslag til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune	1342836
22.01.2020	Austebygd skule og barnehage Særutskrift høyring Vedtekter fo SFO samarb.utv	1342837
22.01.2020	FAU Grasdal skule Uttale til sak - Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune.	1342838
22.01.2020	FAU Vestbygd skule Innspill SFO-vedtekter i Alver kommune.	1342839
22.01.2020	Høyringsuttale frå forvaltningskontoret	1342840
22.01.2020	Kommentarer til vedtektene for SFOi Alver kommune fra Delta	1342841
22.01.2020	Manger skule SMU Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune	1342842
22.01.2020	RMNF Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune	1342843
22.01.2020	SMU Hordabø skule Uttale til høyring vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune	1342844
22.01.2020	SU Leiknes skule Uttale til høyring vedtekter SFO 6.jan 2020	1342845
22.01.2020	SU Seim skule Svar på Høyring - framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune	1342846
22.01.2020	Ulike arbeidstakarorganisasjonar - Innspel til retningsliner for SFO i Alver kommune	1342847

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vert vedteke med følgjande endringar (understreka):

Under punkt 4

SFO vil vere stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan.

Onsdag før påske stengjer SFO kl.12. I juli måned er SFO stengt.

Frist for oppseiing og endring av plass er 1 måned rekna frå den 1. i påfølgjande måned.

Under punkt 5

Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juli og august er betalingsfrie.

Under punkt 8

Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss til og frå skulefritidsordninga.

Framlegget vert sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka er handsama i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 19.11.2019 og vart då sendt til høyring med frist 06.01.2020.

Saka skal opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04. februar, og skal endeleg handsamast i kommunestyre 20. februar.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy er frå 01. januar 2020 gått saman til nye Alver kommune. Vedtekter som sette rammer for skulefritidsordninga i dei tre dåverande kommunane må erstattas med nye. Rådmannen har utarbeidd framlegg til nye vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune.

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova § 13-7. Vedtekter for offentlege skulefritidsordningar vert fastsett av kommunen. Vedtektene skal setje rammer for skulefritidsordninga på ein slik måte at dei gjer verksemda forutsigbar jfr. merknader til Ot.prp.nr. 60 (1997-1998).

Vedtektene skal regulere eigarforhold, kven som har opptaksmynde, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen, foreldrebetaling, leike- og opphaaldsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid, samt bemanning og leing.

Saka vart handsama av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 19.11.2020.

Utvalet vedtok å sende rådmannen sitt framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune ut på høyring. Frist for høyringsuttale vart sett til 06.01.2020.

Prosess

Framlegget til nye vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune, vart sendt ut til høyringsinstansane 25. november 2019. Framlegget vart sendt til Samarbeidsutvala (SU) for grunnskulane, Hovudtillitsvalde, Hovudverneombod, Avdeling for funksjonshemma, Forvaltningskontoret, Økonomiavdelinga, PPT, RMNF – Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådmannen har fått inn 12 uttaler frå høyringsinstansane.

SU v/Sæbø skule peikar på manglande utgreiing om kvalitet og innhald i tenesta. Dei skulle ønskt det var tatt med meir om dette i vedtektene. Vidare uttaler dei at bemanningskravet legg opp til ein reduksjon samanlikna med dagens situasjon. Dei stiller seg kritisk til om eit bemanningsnivå på 14 barn pr tilsett er tilstrekkeleg for å gje godt nok tilsyn og omsorg, samstundes som dei skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna.

SU v/Austebygd skule og barnehage ønskjer svar på kvifor tida om morgon skal telja med i opphaldstida på SFO. Vidare uttaler SU at dei meiner det skal vere ei bemanning på 12 barn pr. tilsette, slik det har vore i Radøy kommune.

FAU v/Grasdalen skule uttalar at dei i det store og heile er positive til dei nye vedtektene, men har spørsmål som i hovudsak går på ulikskapane mellom vedtektene i Meland kommune og dei nye foreslåtte vedtektene for Alver. I uttalen stiller dei spørsmål ved korleis eit fortløpande opptak etter søknadsfristen, basert på kapasitet og lokalitet på den einskilde SFO, skal kommuniserast ut til føresette.

Vidare spør dei om det vil ha økonomiske konsekvenser for vidare tilbod og bemanning i SFO at moderasjonsordninga og bemanninga samt krav til kompetanse, vert betre i Alver samanlikna med tidlegare Meland kommune. Dei stiller og spørsmål til årsaka til at kravet til at det skal tilsetjast dagleg leiar på SFO er auka frå 20 barn, i Meland-vedtektene, til 25 barn i Alver kommune.

FAU spør i uttalen i kva grad det vil bli vurdert ei styrka bemanning for å ivareta barn på 1.-4. trinn med særskilde behov, eller barn som ikkje har særskilde behov men som t.d. strever med samhandling. Det vert stilt spørsmål til korleis ein skal sikra at Alver kommune skal kunne gje alle/dei andre barna på SFO tilsyn og omsorg, dvs. eit trygt og godt skulemiljø?

FAU v/Vestbygd skule uttalar at dei ønskjer at det skal bli vurdert at SFO på Vestbygd skal kunne opne kl. 07.00 samt at dei ønskjer at barn med tilretteleggingsbehov i skule og skal ha krav på det i SFO.

Forvaltningskontoret Alver kommune har sendt inn ein større høyringsuttale. Uttalen er delt inn i ei generell innleiing, kommentarar til nokre av punkta i vedtektene samt uttale om elevar på private grunnskular.

Dei rettar i innleiinga søkelyset på korleis ein frå kommunen si side kan innretta tilbod til pass av barn med nedsett funksjonsevne eller åtferdsutfordringar for at foreldra kan vere i jobb/full stilling. Dei peikar på at avlastninga

(Forvaltningskontoret sitt tilbod) slik den er organisert, og med dei ressursane dei har, ikkje vil kunne vere eit alternativ til SFO. Sidan avlastning ikkje er eit reelt tilbod, er konsekvensen at foreldre med barn i denne gruppa ikkje vil kunne få eit reelt SFO-alternativ i sitt nærmiljø. Utforminga av vedtektene vil ha stor betydning for kva mogleigheiter foreldra har til å få barnepass lokalt for barn som har særskilde behov. I dette ligg og eit tilbod med kompetent personell som har fulgt barnet gjennom skuledagen, som barnet kjenner og er trygg på.

Forvaltningskontoret kommenterer at framlegget set grenser for skulane si anledning til å gje eit reelt barnepass til barn på 5.-7. trinn med særskild behov, blant anna på grunn av kravet om lokasjon, og at ein ikkje er tydelege nok på behovet om auka bemanninga for barn med særskilde behov.

I høyringsuttalen viser Forvaltningskontoret til at det er planlagt samarbeidsmøte mellom Oppvekst, Forvaltningskontoret og Habliliteringstenesta for å betre sikra gjensidig forståing om kva SFO-tilbodet for elevar på 5.-7. trinn er, og kva moglegheiter og grenser som ligg i Alver sitt avlastningstilbod til desse elevane.

Vidare har Forvaltningskontoret merknader til følgjande punkt i vedtektene: I punkt 2, om formålet, ønskjer ein ei presisering av omgrepet «frivillig», at SFO er barnepass, kva som er meint som særskilde behov, bemanning og tilbod til barn med særskilde behov, kva det betyr at barnet skal gjere seg nytte av SFO-tilbodet og kva ordningar ein skal ha for barn med særskilde behov på 8.-10. trinn i Alver. Dei viser og til at omgrepet «funksjonshemma» ikkje er forklart i vedtektene.

I punkt 3 om opptaksmynde og opptakskriterium vert det kommentert korleis ein tenkjer seg Alver kommune skal sikre likebehandling i tildeling og tilrettelegging av SFO-tilbodet til barn med særskilde behov på tvers av skulane, når det er rektor som er ansvarleg for opptaket. Vidare ønskjer ein ei forklaring eller døme på kva som ligg i omgrepa «særskilde behov» (sjå og ovanfor), og kva som er meint som tildelt plass etter ei «nærare vurdering». Vidare i kommentarane spør dei om kva som ligg i omgrepet «lokasjon» og problematiserer i kva grad dette vil bety at ein har anledning til å bevege seg utover skulen sitt område.

I kommentar til punktet om kven kommunen vil lytte til i vurderinga av opptak av barn med særskilde behov på 5.-7. trinn, ønskjer ein at foreldra og vert nemnd. Det vert stilt spørsmål kvifor PPT er særskild nemnd og ønskjer at Helse og omsorg kan vere ein instans som kan gje informasjon om barnet sitt behov for tilsyn og omsorg.

I framlegget til vedtekter står det at «Barnet må kunne gjere seg nytte av SFO-tilbodet.» I uttalen er Forvaltningskontoret uroa over om dette inneber at skulane ikkje legg til rette for eit SFO-tilbod som reelt sett er eigna for alle barn med særskilde behov. Dei spør og om det burde kome fram i framlegget at det kan leggjast til rette for at SFO kan samarbeida på tvers av skulane om

tilbodet til denne elevgruppa (5.-7. trinn).

I kommentaren til punktet: «Bemanninga kan styrkast ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging.», ønskjer Forvaltningskontoret at omgrepet «kan» vert vurdert bytta ut med «skal» eller «bør», og at bemanning knytt til einskildelev i skulen bør vere lik på SFO for å unngå åtferdsutfordringar.

Til slutt i høyringsuttalen viser Forvaltningskontoret til at det i vedtektene bør stå korleis kommunen skal gje eit tilbod til elevar på private grunnskular i Alver kommune.

Delta – Arbeidstakarorganisasjon uttaler at det bør presiserast at SFO er stengt julafta og nyårsafta, og at tekst må samsvare med skuleruta. Delta saknar under punkt 5 om foreldrebetaling, val av plasstype 10 eller 11 månader. Dette vil igjen ha betydning for bemanningsbehovet på SFO. Det må i vedtektene koma fram kva foreldre skal betala for, dvs. kor mange timar ein kan nytta på lang dagar (undervisningsfrie dagar). Tilsvarende ønskjer dei at det skal koma fram om SFO om morgonen skal reknast som ein klokke time, eller den reelle tida barnet nyttar.

Under punkt 6 i framlegget, om bemanning og leing, uttaler Delta at det må komme fram at det skal følgje middel/ressursar med til barn med særskilde behov.

SMU v/Manger skule har følgjande merknader til framlegget: Under punkt 4 bør det stå kvar 1. klassingane skal gå frå 1.august til skulestart. Dei ønskjer og at tilsette som ikkje arbeider vanleg arbeidsår/11 mndr, men har arbeidstid som følgjer skuleåret må pårekna å arbeida på skular med heilårstilbod på SFO.

Under punkt 5 – foreldrebetaling uttaler SMU at det bør stå noko om gebyr ved for sein henting, og at vedtaket må seie noko om gratis SFO-plass for barn på 5.-7. trinn.

Under punkt 6, bemanning og leing, ønskjer SMU at det skal vere ei bemanningsgrense på 12 barn pr. tilsett, og ikkje 14 barn pr. tilsett som foreslått i vedtektene.

Til slutt ønskjer dei at kva krav til lokale retningsliner for SFO på den einskilde skule, og kva desse eventuelt skal innehalda, bør vere med i vedtektene.

RMNF - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber i sin uttale om at det blir gjeve følgjande tillegg for elevar på SFO 5.-7. trinn: «Denne plassen er gratis for elevar med særskilde behov».

Under punkt 8 ber ein om at ordet «funksjonsfrisk» skal bli tatt vekk og at det skal stå: «Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss».

SMU v/Hordabø skule ønskjer at bemanningsnormen skal vere 12 barn pr. tilsett, og ikkje 14 som foreslått i framlegget. Når det gjeld opphaldstider, bør det ikkje vere ein time mellom kvar sats. Det står «0-6 t/v, 7-14 t/v...». Bør i staden stå 0-6 t/v, 6-14 t/v.

SU v/Leiknes skule vurderer at vedtektene generelt er gode. Dei uttaler at det

er flott at søknadsfristen er sett til 1.mars. Dette vil lette planlegginga av SFO-året.

Ved vurdering av å forlenge opphaldstida ved den einskilde skule vil det vere fornuftig å setje maksimal opphaldstid kvar dag til 9 timar. I vedtektene er det foreslått at det ved oppseiing etter 1.april må betalast t.o.m. juni månad. Dette vil ikkje få effekt då juni er betalingsfri månad. SU foreslår at dette vert endra. For reduksjon av plass på SFO, bør same regel gjelda som for oppseiing av plass. Til slutt vurderer ein at foreslåtte 14 barn pr. tilsett er ei fornuftig bemanning.

SU v/Seim skule har følgjande uttale til framlegg til vedtekter:

SU ønskjer tydlegare skildring av kva som meinast med «å gjera seg nytte av tilbodet» slik det kjem fram i punkt 3. Dei ønskjer at ei vurdering bør avsluttast med eit administrativt vedtak frå skuleeigar til skule.

SU uttaler seg positiv til at det i framlegget ikkje står noko om at SFO om morgonen skal reknast frå 7.30 uansett frammøtetid. Dette gjev familieane fridomen til å bestille SFO etter behov, også før skuletid, noko som kan gje meir SFO-tid å nytte om ettermiddagen.

SU foreslår ei presisering i vedtektene om at SFO er stengd jul- og nyttårsaftan.

Vidare ønskjer SU at det i vedtektene blir skild mellom sats for 10-mnd og for 11-mnd, slik ein har hatt i Lindås kommune.

I vedtektene er det foreslått at det ikkje skal vere meir enn 14 barn pr. tilsett. Dette er ei betring for Lindås kommune, som no ligg på 15 barn pr tilsett. Med fleire vaksne vert tilbodet betre.

Arbeidstakarorganisasjonane Fagforbundet Alver (Meland, Lindås),

Utdanningsforbundet Alver,

(Meland, Lindås og Radøy), Skolelederforbundet Alver (Meland og Lindås)

peikar på til dels store utfordringar knytt til SFO-bemanninga i Alver. Dei viser til at det særleg har vore utfordrande med bemanning knytt til barn med særskilde behov. I uttalen viser ein til rapporten «Lek, læring og ikkje-pedagogikk for alle – nasjonal evaluering av skolefritidsordninga i Norge» (NTNU og Stockholms Universitet 2018) der utfordringane som er skildra lokalt og er utfordringar som gjeldt nasjonalt. Vidare ber arbeidstakarorganisasjonane om at det blir utarbeidd retningslinjer som betre ivaretar ei forsvarleg bemanning, og at det blir innarbeidd i vedtektene at det for elevane som får ekstra ressursar i skuletida med bakgrunn i ikkje-skulefaglege utfordringar, også blir sett inn ekstra ressursar i SFO-tida. Dette må gjelde både for dei elevane som har ressursar etter vedtak, og for dei som ikkje endå har fått vedtak. Det kjem fram i uttalen at bemanningsnormen ikkje må overstiga 15 barn pr. tilsett. Det er ønskeleg at den vert lågare.

Vurdering

Vedtektene skal først og fremst setja rammer for skulefritidsordninga slik at verksemda er forutsigbar. Rådmannen er samd med SU v/Sæbø skule at ein i det vidare arbeidet må setje søkjelys på kvaliteten i tilbodet. Etter at vedtektene, rammene, for SFO er på plass, vil ein med utgangspunkt i statens rettleiande rammeplan for kvalitetsutvikling arbeide med korleis ein kan nytte det lokale handlingsrommet til å utforme SFO-tilbodet vidare.

Mange av høyringsuttalane gjev innspel på forslaget til bemanning i skulefritidsordninga. I dei tre dåverande kommunane var bemanningsnormen slik: 16 barn i Meland, 15 barn i Lindås og 12 barn i Radøy. I nye vedtekter er det foreslått at det som regel ikkje skal vere meir enn 14 barn pr. tilsett. Vidare vil bemanninga kunne styrkast ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging. Dei skulane med SFO der bemanninga har vore 12 barn pr. tilsett, ønskjer dette vidare, medan dei som tidlegare har hatt fleire barn pr. tilsett er positiv til det nye bemanningstalet. I rådmannen si vurdering vil 14 barn pr. tilsett vere ei styrking av bemanninga for svært mange av barna som går på SFO i Alver kommune. Ei slik styrking vil og bli fulgt opp med eit fokus på kvaliteten i ordninga.

Når det gjeld barn på 5.-7. trinn som får vedtak om plass på skulefritidsordninga, er det i høyringsrunden kome inn mange innspel. Etter rådmannen si vurdering er innspela først og fremst knytt til bemanning. Opplæringslova § 13-7 seiar at kommunen skal ha eit tilbod og for barn med særskilte behov på 1.-7. trinn. For barn med særskilte behov på 1.-4. trinn er det gitt plass då det i forslaget til vedtekter står at alle barn på 1.-4. trinn som søker innan fristen 1.mars vil få plass. Det er eit til dels ulikt lovverk som gjeld for grunnskule og SFO. Grunnskulen har undervisning som utgangspunkt, SFO er ei tilsynsordning. Det betyr og at det einiskilde barn sine behov for tilsyn ofte vil vere ulikt i skule og SFO. Det er ikkje ein statleg norm for bemanning i skulefritidsordninga. Bemanninga skal avgjerast ut frå lokale forhold og behov. Rådmannen har forståing for at det kan vere behov for å styrkje bemanninga ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging. Som i skulen vil behovet for ytterlegare styrking av bemanning, måtte vurderast i kvart einiskild tilfelle.

Til opplysning er SFO ei foreldrebetalt ordning etter sjølvkostprinsippet. Kommunen har vedtatt friplass for elevar på 5.-7. trinn. Dette betyr ikkje at ordinær foreldrebetaling skal finansiera desse elevane sitt tilbod. Endring i tilbodet til elevar på 5.-7. må finansierast innafor oppvekstsektoren sitt budsjett.

Etter rådmannen si vurdering er høyringsuttalen frå Forvaltningskontoret først og fremst knytt til forholdet mellom oppvekst og helse- og omsorgstenestene. Helse- og omsorgstenesteloven pålegg kommunen å ha ulike tenester som er relevante for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging. Tilbod som er relevante i samanheng med SFO, er særleg praktisk bistand, avlastning for foreldra og i nokre tilfeller støttekontakt (Jfr. Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidleg innsats i inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO). Regjeringa erkjenner i meldinga at det kan vere uklart for foreldre kva regelverk som gjeld når avlastning eller andre helse- og omsorgstenester vert gjevne i SFO.

Skulefritidsordninga er berre eit av mange tilbod innan tenesteområda til oppvekst og helse. SFO-vedtekter skal først og fremst vere eit rammeverk for ordninga. Det betyr og at dette tilbodet vil operere i eit grenseland mellom andre tenesteområde og tilbod. Rammeverket tek utgangspunkt i dei gjevne

lovkrava til SFO-ordninga. I særleg grad vil ivaretaking av barn med særskilde behov krevje at ein tenkjer ut over dei einskilde tenesteområda for å sikre eit godt og teneleg tilbod. Til dømes vil eit barn med særskilde behov som går i 5.-7. klasse, kunne finne sin plass og tilhøyrsele innafor ramma av SFO-tilboda. Eit anna barn innafor same aldersgruppa vil kunne ha bruk for eit tilbod innafor andre rammes enn SFO. I dette tilfellet vil behovet for å tenkje tverrfagleg og heilskapeleg mellom tenesteområda vere større. Avlastning kan gjevast ut frå ulike behov og organiserast på ulike måtar. Den kan organiserast innafor rammene til SFO-ordninga, og den kan organiserast utafor rammene til SFO. Kommunen har stor fridom når ein skal utforme eit avlastningstilbod eller eit tilbod om praktisk bistand.

Som det går fram av uttalen, er det planlagt samarbeidsmøte mellom Oppvekst, Forvaltningskontoret og Habiliteringstenesta for å sjå nærare på dei ulike tilboda vi i dag har i Alver. Innspela vil bli tatt med i det vidare arbeidet. Målsetjinga er å utarbeida ei omforeint forståing av samanhengen mellom SFO-tilbodet og avlastning og korleis dette akn praktiserast til beste for barnet og familien sitt behov.

I det vidare arbeidet vil ein og ta med innspela knytt til rapporten «Lek, læring og ikkje-pedagogikk for alle – nasjonal evaluering av skolefritidsordninga i Norge» (NTNU og Stockholms Universitet 2018) som arbeidstakarorganisasjonane har vist til i høyringsrunden.

Når det gjeld plasstyper og opphaldstider, er det foreldra som etter søknad vel kva plasstype ein ønskjer. Ein kan velje å følgje skuleruta, eller ha utvida plass til og å gjelda på fridagane til skulane, såkalla langdagar. Vidare vil ein kunne velgje opphaldstid kvar veke. Både plasstype og opphaldstid tar utgangspunkt i den reelle tida barnet nyttar tilbodet. Dette er ikkje vidare regulert i vedtektene, men kjem fram av søknadsskjema og vedtatt gebyr- og prisregulativ. T.d vil opphaldstid kunna endre seg lokalt på den einskilde SFO. Vedtektene angir kunn ramma for ordninga.

Det kan derimot tydeleggjerast i vedtektene at SFO er stengt julaftan og nyårsaftan.

Vedtektene legg opp til at det er mogleg å utvide opphaldstida lokalt på kvar SFO, med ei ytre ramme mellom 07:00 og 17:00. Det er ikkje forelått ei maksimal opphaldstid for kvart barn. Mange foreldre har lang reiseveg til og frå jobb og ulike arbeidstider. Grunngevinga for at ein kan vurdere utvida opphaldstid er å gje anledninga til større fleksibilitet i tilbodet. Ei maksimal opphaldstid som er kortare enn denne ramma, vil kunne bety at barna må hentas/bringast av andre enn foreldra/heimen før dei til slutt blir henta av føresette. Dette samsvarer med dei vurderingane som er gjort i framlegget til nye vedtekter for barnehage i Alver kommune.

For elevar på 5.-7. trinn er det etter rådmannen si vurdering ikkje behov for ytterlegare presisering om at plassen er gratis, då regjeringa frå hausten 2020 innfører gratis SFO plass for barn på 5.-7. trinn med behov for særskild tilrettelegging.

RMNF – råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at ordet «funksjonsfrisk» blir tatt vekk frå teksten i punkt 8. Omgrepet, og setningen den står i er brukt av UDIR i regelverkstolkninga om skyss til skulefritidsordninga. § 7-3 i opplæringslova skildrar kva barn som vil ha rett til skyss til SFO. Alle andre barn har ikkje denne retten. Etter rådmannen si vurdering vil ein kunne erstatta omgrepet, då det likevel kjem fram i den vidare teksten kva barn som vil ha retten til skyss etter loven.

Når det gjeld oppseiing og endring av plass, er det etter rådmannen si vurdering behov for å komme med ei presisering i vedtaksteksten. Dette vil medføre at det blir lik praksis for når endring og oppseiing av SFO-plass skal ha effekt frå. Tilsvarande foreslår ein endring av betalingsfri måned for dei som har tilbod om SFO 10 månader frå juni til august måned. Dette er i tråd med noverande praksis.

Rådmannen konkluderer med behov for følgjande endringar i framlegget som vart sendt ut til høyring om vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune (endringane er understreka):

Følgjande endringar under punkt 4

SFO vil vera stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan og onsdag før påske frå kl. 12. jul- og nyttårsaftan. Onsdag før påske stengjer SFO kl.12. I juli måned er SFO stengt.

Frist for oppseiing og endring av plass er 1 måned rekna frå den 1. i påfølgjande måned.

Følgjande endring under punkt 5

Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juni og juli er betalingsfrie. Juli og august er betalingsfrie.

Følgjande endring under punkt 8

Funksjonsfriske barn har ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss til og frå skulefritidsordninga.